

Årsmøte

i Nordmøre spelmannslag

28. februar 2016, kl. 1630. «Stornaustet», Halså.

12 medlemmar var til stades da møtet vart sett.

Sak 1 Opning og konstituering.

Leiar Daniel Dyrnes opna møtet og ønskte alle vel møtt. Det var ingen vesentlege merknader til innkalling og sakliste.

Daniel Dyrnes vart så valt til møteleiar, og Arnstein Brevik vart referent. Helge Husby og Silje Osnes vart valt til å skrive under møteboka.

Sak 2 Årsmelding for 2015.

Møteleiar gjekk gjennom framlegget til årsmelding. Årsmeldinga vart godkjent med følgjande tilføyingar:

- *Brechans* deltok òg på fylkeskappleiken i klassa for gruppespel. Runhild Heggem og Kine Iselilja Gyldenskog representerte òg laget.
- Lagspelet vart vunne med slåttane *Vals e. Erik Almbjell* og *Polsdans frå Todalen*.
- Talet på øvingar (medrekna opptredenar) i 2015 var tilsaman 18.

Sak 3 Rekneskap for 2015.

Kasserar Rolf Holte gjekk gjennom rekneskapen og gjorde greie for kva som låg attom dei ulike postane.

Desse punkta vart drøfta og kommentert:

- Rutinar ved rapportering og søknad på vaksenopplæringsmidlar. Her har laget gått glipp av ein betydeleg sum, og ein lyt prøve å få skikk på dette framover.
- Deltakaravgift på kappleikar. Ein kom fram til at laget dekkjer avgifta for lagspel. Deltakarar i andre klassar (solistar/grupper) tek kostnaden sjølv. Styret skal arbeide vidare med problematikken.
- Deltaking på landsmøte i FolkOrg. Årsmøtet såg det som vanskeleg å fortsette med full utgiftsdekning av slik verksemd.
- Til balanserekneskapen: Ein skriv ned verdien på varelageret (CD'ar) med ein halvpart til kr. 15 225,-.

Rekneskapen er revidert, og revisjonsmeldinga tilrår at rekneskapen blir godkjent som framlagt. Årsmøtet slutta seg til dette.

Sak 4 Kontingentsats.

Kontingenten for 2016 blir som fastsett i fjor – dvs. den delen som går til lokallaget blir sett til kr. 100,-.

Sak 5 Arbeidsprogram for 2016.

Årsmøtet fastsette følgjande punkt:

- 5. mars: Deltaking på 10-årsjubileumskonsert for «nye» Aure kommune
- 20. mars: Øving
- 9./10. april Arrangere fylkeskappleik
- Mai: Dansespel i Halså
- Juni: Sommaravslutning
- Medio august: Oppstart med øvingar for hausthalvåret
- Oktober: Seminar/konsert på Smøla i samarbeid med lokale krefter der utpå

- November: Eige arrangement

Styret og musikalsk leiar arbeider vidare med dette!

Dei øvrige øvingane fram til sommaren går etter oppsett plan.

Sak 6 Budsjet for 2016.

Kasseraren la fram eit forslag til budsjett for året 2016 som vart godkjent utan særleg diskusjon.

Budsjettet er vedlagt protokollen.

Sak 7 Innkomne saker.

Under denne posten vart det orientert om styret sitt arbeid med fylkeskappleiken 2016, kort samanfatta slik:

- Ein er ikkje i hamn med å skaffe dommarar.
- Kappleiken er gjort kjent på aktuelle nettstader samt gjennom brev til laga i fylket.
- Når det gjeld å skaffe sponsormidlar, står det att arbeid. Svorka, Surnadal kommune, Statoil, oppdrettsaktørar og anna næringsliv skal søkjast. Daniel har levert søknad til NEAS og fylkeskommunen.
- Det blir ikkje deltakarpremiar for vaksne. CD'en som blir «sleppt» i samband med kappleiken kan vera aktuell som premie.
- Når det gjeld kulturkvelden på laurdag er denne i det store og heile klar. Så mange som muleg av medlemmene i laget må prøve å stille fredag 8. april for lydprøve og praktisk tilretteleggjing.
- Avtalen med hotellet er klar, og fordeling av arrangør oppgåver er gjort.

Årsmøtet tok orienteringa til vitande.

Sak 8 Val

Peder Hønsvik la fram valnemnda si innstilling. Framlegget fekk full tilslutning av årsmøtet.

Resultatet av vala vart som følgjer:

Styre:

Leiar	Daniel Dyrnes	(1 år – 2 år i styret)
Nestleiar	Silje Osnes	(Ikkje på val, 1 år att)
Kasserar	Rolf Holte	(2 år)
Sekretær	Arnstein Brevik	(Ikkje på val, 1 år att)
Styremedlem	Helga Eikrem	(2 år)

Vara til styret:

1. Helge Husby 2. Lars Brattset (Begge for 1 år)

Revisorar:

Hanne Kvitberg og Jon Grimsmo (1 år)

Valnemnd:

Magnar Almberg og Peder Hønsvik (1 år)

Møtet heva kl. 1830.

ref AB

Helge Husby /s/

Silje Osnes /s/